



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033 OSLO

Vår dato: **22 MAR 2012**
Vår ref.: 200800204-35 ksk/kima
Arkiv: 312 / 084.621
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Kirsten Marthinsen

Gravdal Kraft AS (SUS) – Avslag på søknad om bygging av Gravdal kraftverk i Tverrelva, Førde kommune, Sogn og Fjordane – oversendelse av klage

Ved NVEs vedtak av 25.3.2011 fikk Gravdal Kraft AS (SUS) avslag på søknad om bygging av Gravdal kraftverk i Førde kommune. NVE har mottatt klage fra søker på avslaget. Vi kan ikke se at det i klagen har kommet frem nye momenter av betydning for vårt vedtak som gir grunnlag for å endre dette. NVE opprettholder vedtaket og oversender saken til Olje- og energidepartementet for endelig avgjørelse.

NVE mottok 1.2.2010 søknad om tillatelse til bygging av Gravdal kraftverk i Tverrelva. Gravdal kraftverk fikk avslag på søknaden om å utnytte fallet mellom kote 250 og kote 2, samt en overføring fra kote 285 til kote 250. Installert effekt ville blitt 2 MW. NVEs vurdering var at fordelene av det omsøkte tiltaket ikke var større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser. NVE ga derfor avslag på søknad om bygging av Gravdal kraftverk. Bygget som omsøkt ville tiltaket gitt en årlig produksjon på ca. 6,2 GWh.

Klager

NVEs vedtak ble kunngjort 5.12.2011 med tre ukers klagefrist fra søker mottok vedtaket. Søker Arne Gravdal påklaget vedtaket via e-post 12.12.2011. Det er klaget i rett tid, jf. forvaltningsloven § 29.

Klagen

Arne Gravdal skrev følgende i e-post 31.1.2012:

"Vi viser til NVE sitt avslagsbrev datert 5. desember 2011. I e-post til NVE den 12. desember 2011 er vedtaket påklaga.

NVE si hovedgrunngeving for avslaget er påstandane om ein mogeleg hubrolokalitet.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Vi ankar NVE sitt vedtak i saka. Hubroropa er lokaliserte til Gravdalsgjelet, som ikkje er ein del av utbyggingsområdet. Det er ikkje økonomisk forsvarleg å gjennomføre utbygginga utan overføring av vatn frå Ytre Gravdalsgjelet. For å sikre planteartane i bekkekløfta, er vi villige til å akseptere ei viss justering av pålagd slepp av minstevassføring, til dømes lik 5-persentilverdi ane. Skal det vere slik at hubrorop frå ein eller annan stad i eit nærliggjande område mange år tilbake i tid skal vere avgjerande for bygging av småkraftverk, så er det kroken på døra for bygging av småkraftverk på vestlandet.

Innleiing

Informasjonen om ein mogeleg hubrolokalitet kom fram i Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si høyringsuttale, sitat: "Rop frå hubro er høyrte fleire gonger i området Gravdalsgjelet og det er sannsynleg at det er ein reirlokalitet i området. "

Sidan rapportane om hubrorop frå Gravdalsgjelet er den einaste indikasjonen på ein mogeleg hubrolokalitet i utbyggingsområdet, vil vi presisere at Gravdalsgjelet ikkje er ein del av utbyggingsområdet. Det er Ytre Gravdalsgjelet som er ein del av utbyggingsområdet, Ytre Gravdalsgjelet er nabodalført til Gravdalsgjelet.

Så langt vi kjenner til, er det ikkje rapportert om hubrorop frå Ytre Gravdalsgjelet, eller frå utbyggingsområdet elles. Det er heller aldri funne spor av hubro i utbyggingsområdet. Ved inngangen til Gravdalsgjelet vart det funne ein daud hubro under ei høgspentlinje i 1999/2000. Bortsett frå det, er det heller ikkje funne spor av hubro verken i Gravdalen, eller i dei nærliggjande områda.

NVE har eller vårt syn gjennom ført ei ubalansert sakshandsaming når det gjeld påstandane om ein mogeleg hubrolokalitet. NVE har mellom anna på eige initiativ innhenta ei uttale frå Norsk Ornitologisk Forening. Dette er etter vårt syn det same som å be om eit partsinnlegg. Som interesseorganisasjon vil Norsk Ornitologisk Forening neppe applaudere fram eit småkraftprosjekt med påstandar om ein hubrolokalitet som bakteppe. Verken uttaler frå grunneigarane i området, eller rapportane som er utarbeidde etter at påstandane om hubro kom opp, ser ut til å bli vektlagde tilsvarende i NVE si sakshandsaming.

NVE har i si sluttbehandling av saka klart og tydeleg slege fast at det er hubro i utbyggingsområdet. NVE går langt i å lokalisere hubrolokaliteten til området rundt inntaket i Ytre Gravdalsgjelet. Vi tillet oss då å spørje om NVE sit på informasjon om hubrolokaliteten som ikkje er komen fram?

Nedanfor vil vi gje ein del utfyllande og supplerande informasjon.

1. Gravdalsgjelet vs. utbyggingsområdet

For dei meir lokalkjende er det Gravdalsgjelet og dei to gardane som ligg ved fjorden ved utløpet av Gravdalsgjelet som blir omtala som Gravdalen.

Utbyggingsområdet ligg utanfor det som blir rekna som Gravdalen. Vi nemner dette sidan NVE fokuserer så sterkt på at det er høyrde hubrorop frå det dei omtalar som Gravdalsområdet.

Gravdalen består av eit langt og trongt gjel som startar ved Halbrendstølen, og som endar i ei vifteform ved Førdefjorden. Namnet Gravdalen kjem truleg frå at elva som renn i gjelet har forma landskapet. Elva i Gravdalsgjelet er med i samla plan for vassdragsutbygging, og har ikkje noko med vår sak å gjere.

Gravdalsgjelet og Ytre Gravdalsgjelet blir skilt av ein skogkledd fjellrygg utan store innslag av berg og hamrar. Mellom det planlagde vassinntaket i Ytre Gravdalsgjelet og elva i Gravdalsgjelet, er det i luftlinje ein avstand på 580 meter.

Fjellformasjonen på austsida av Gravdalsgjelet har ein karakter som gjer at dette området vil vere meir eigna som hekkeplass for hubro enn landskapet i Ytre Gravdalsgjelet. Vi siterer frå Alv Ottar Folkestad si skildring av ein typisk reirplass for hubro i rapport datert 9. august 2011 : " ... vanleg at reirplassen ligg i bratte hamrar eller knausar, på hyller eller i nisjer ... "

2. Funn av daud hubro

I 1999/2000 vart det funne ein daud hubro under ei høgspentlinje ved inngangen til Gravdalsgjelet, altså i nabodalforet til utbyggingsområdet. I den grad dette funnet skal vektleggjast, kan funnet like gjerne indikere at det har vore ein hubrolokalitet nettopp i Gravdalsgjelet, jamfør også punkt 1 ovanfor. Den daude hubroen kan også like gjerne ha vore ein streiffugl. Det går fram av rapport datert 2. september 2010 frå Rådgivende Biologer at det også er høyrd hubrorop frå andre sida av Førdefjorden.

Funnet aukar ikkje sannsynlegheita for at det er ein hubrolokalitet i utbyggingsområdet.

3. Uttalar frå grunneigarane

I rapporten frå Rådgivende Biologer er det mellom anna referert til intervju med tre lokale grunneigarar. To av grunneigarane, Arne Gravdal og Arne Kirkebø, er fallrettshavarar i prosjektet. Arne Kirkebø bur ved inngangen til Ytre Gravdalsgjelet. Kirkebø er i tillegg ein ivrig jeger og friluftsmann. Det er rimeleg å tru at om det hadde vore hubrorop frå Ytre Gravdalsgjelet, ville Kirkebø ha høyrd desse frå buplassen sin. Sjølv om Kirkebø som fallrettseigar kan reknast som ugild i forhold til hubrospørsmålet, er det ingen grunn til å reise tvil om den informasjonen Arne Kirkebø har gitt i samband med hubroundersøkinga.

Den tredje grunneigaren som vart intervjuet er Silje Grønnevik. Ho er eigar av eitt av dei to gardsbruka ved inngangen til Gravdalsgjelet. Grønnevik har ingen fallrettsinteresser eller andre økonomiske interesser i småkraftprosjektet. Ho har heller ingen spesielle knytingar til tiltakshavarane i prosjektet. Silje Grønnevik er ein ivrig naturfotograf og friluftsentusiast, og er ein flittig brukar av terrenget i Gravdalen til turføremål. Opp gjennom åra har ho til dømes plassert ut rugekassar rundt om i terrenget, for å få gode fotomotiv. Familien Grønnevik har også ei hytte på Gravdalsstølen, som er i bruk gjennom heile året. Stien til Gravdalsstølen går over fjellryggen mellom Gravdalsgjelet og Ytre Gravdalsgjelet, og kryssar elva i Ytre Gravdalsgjelet om lag 400 meter i luftlinje ovanfor det planlagde inntaket i Ytre Gravdalsgjelet.

Silje Grønnevik var med på funnet av den daude hubroen som er nemnd i punkt 2. Det går fram av Rådgivende Biologer sin rapport at Silje Grønnevik høyrde hubrorop frå Gravdalsgjelet fram til 1999/2000. Etter dette har ikkje Silje Grønnevik høyrd rop frå hubro i området.

Vi er usikre på om NVE i si sakshandsaming har fått med seg at Silje Grønnevik ikkje har tilknytning til prosjektet, verken økonomisk eller på andre måtar. Vi er også usikre på om hennar informasjon er vektlagt i NVE si sakshandsaming. Det er ingen grunnar til å underslå hennar informasjon i saka, meir enn at andre sine påstandar om hubrorop i området blir vektlagde.

4. Skogdrift

NVE har, både munnleg og skriftleg, gitt uttrykk for at dei reknar det som nokså sannsynleg at del er ein hubrolokalitet i området der inntaket i Ytre Gravdalsgjelet er tenkt plassert. Vi kjenner ikkje bakgrunnen for at NVE har denne oppfatninga, men vi vil seie litt om dette området i forhold til skogdrift. På

vestsida av inntaket i Ytre Gravdalsgjelet var det aktiv skogsdrift i eit område som i lufillinje ligg om lag 200 meter frå elva. Mesteparten av drivverdig skog vart då teken ut i dette området. Denne skogsdrifta gjekk føre seg i åra 2004-2005, med moderne maskinelt utstyr.

Grunneigaren av området der inntaket i Ytre Gravdalsgjelet er tenkt plassert, har pålegg frå Førde kommune om å utarbeide ein driftsplan for skogen på sin eigedom. Ein slik driftsplan vil krevje opprusting av skogsvegnettet i området. Grunneigaren er i dialog med skogbruksetaten i kommunen om dette. I utgangspunktet er det ikkje naturleg å tenkje seg uttak av skog i området rundt inntaket i Ytre Gravdalsgjelet. Grunneigaren har heller ikkje behov for uttak av skog her, då han har rikeleg av hogstmoden skog andre stader på sin eigedom.

Som det går fram i NVE si saksutgreiing, har tiltakshavarane bak Gravdal kraftverk gjort framlegg om å kutte ut den planlagde terrengfaste vegen langs overføringstraseen mellom elva i Ytre Gravdalsgjelet og hovudinntaket i Tverrelva. I staden for terrengfast veg skal overføringstraseen dekkjast til med torv, og gro naturleg att. Tiltakshavarane kom med dette framlegget, for å synleggjere at vi ønskjer å redusere konfliktnivået mest mogeleg når det gjeld naturinngrep. Samstundes ønsker vi på denne måten å vise at vi ikkje ser det som noko poeng frå vår side å gjere området ved Ytre Gravdalsgjelet lettare tilgjengeleg verken for framtidig skogsdrift eller anna ferdsel etter at småkraftverket er bygd.

I NVE si grunngjeving for avslaget er det nemnt at eit inntak i Ytre Gravdalsgjelet vil føre til auka ferdsel i området, kanskje også med maskiner i samband med framtidig vedlikehald. Som tilsvaer på dette vil vi nemne at overføringslinja vil ha lågt vasstrykk, og inntaket i Ytre Gravdalsgjelet skal byggjast slik at dette blir tilnærma vedlikehaldsfritt. Det skal dermed ikkje vere behov for tilkomst med maskiner etter at anlegget er sett i drift. Prosjektansvarleg Hermod Seim har hatt prosjektansvaret på mange, tilsvarende anlegg tidlegare. Erfaringane hans er at det ikkje er behov for nemnande vedlikehald og tilsyn på slike overføringslinjer.

For oss er det eit paradoks at NVE legg så stor vekt på den beskjedne, terrengmessige meiraktiviteten tilsyn av inntaket i Ytre Gravdalselva vil medføre, når vi veit at det ikkje er restriksjonar på til dømes uttak av skog i området. Grunneigarane vil dermed kunne starte med uttak av skog i området i morgon den dag. Sjølv om det ikkje er vegtilkomst i området, er det no ein gong slik at ein kjem langt med truger og motorsag ein fin vinterdag.

5. Prosjektet utan overføring av vatn frå Ytre Gravdalsgjelet

Vi merkar oss at NVE gjeme hadde sett at overføringa av vatn frå Ytre Gravdalsgjelet vart trekt ut av prosjektet. Dette er for oss uaktuelt. Vatnet frå Ytre Gravdalsgjelet utgjer 44 % av produksjonspotensialet. I NVE si grunngjeving for avslaget forstår vi det slik at NVE meiner at differansen utgjer 65 øre/kWh med og utan overføring. Vi skjønar ikkje korleis NVE er komen fram til ein så liten differanse. I våre kalkyler er oppdatert kostnadsoverslag med overføring 19,2 mill. kroner (2011). Vi forstår det slik at NVE er samd i at produksjonen kan setjast til 6,2 GWh/år med overføring, og med minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring. Utbyggingskostnaden blir då kr 3,10/kWh. Oppdatert kostnadsoverslag utan overføring er 16,5 mill. kroner. Dersom vi her brukar NVE sitt estimat på 3,5 GWh i årleg produksjon, blir utbyggingskostnaden kr 4,7 1/kWh. Differansen utgjer dermed altså kr 1,61/kWh. Tilsvarende vil differansen bli kr 1,79/kWh med og utan overføring, men med lågvassføring tilsvarende 5-persentilverdiane.

Med ein utbyggingskostnad i nivået kr 4,71- kr 5/kWh, vil vi måtte ha ein kraftpris på 58 øre/kWh for å få drifta til å gå i økonomisk balanse. Sjølv med el.sertifikatordninga er det ikkje mogeleg å gjennomføre prosjektet utan overføring av vatn frå Ytre Gravdalsgjelet.

6. NVE si sakshandsaming

Etter at informasjonen om ein mogeleg hubrobestand kom fram i Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si høyringsfråsegn, har NVE etter vårt syn gjennomført ei ubalansert handsaming av søknaden vår, der sakshandsaminga ser ut til å vere farga av at NVE har "bestemt seg for" at det er ein hubrolokalitet i utbyggingsområdet, og at denne er lokalisert til området ved inntaket i Ytre Gravdalsgjelet. Vi viser her til følgjande to utsegner:

Eirik Thorsen, NVE under sluttbefaringa i oktober 2010, sitat: "... . da er det bare ett problem igjen, og det er hubroen, for her er hubro. "

I NVE si grunngjeving for avslaget, sitat: "På grunnlag av observasjoner under befaring mener NVE at det er svært sannsynlig at hubro vil finne gode hekkplasser i bergskrenter i området ved det planlagte inntaket i Ytre Gravdalsgjelet."

Sidan det for oss ser ut til å vere uråd å bevise at det ikkje er ein hubrolokalitet i utbyggingsområdet, gav vi på eige initiativ Alv Ottar Folkestad, som må reknast for ein av landets fremste ornitologar, i oppdrag å vurdere kva for konsekvensar gjennomføring av prosjektet ville ha for ein eventuell hubrobestand.

I NVE si vurdering/oppsummering av saka, siterer NVE til dei delane av Folkestad sin rapport som kan takast til inntekt for NVE sitt syn på hubrolokaliteten. NVE ser derimot ikkje ut til å ha reflektert over hovudkonklusjonen i Folkestad sin rapport, sitat: "Bygd på søknadsdokumenta for Gravdal kraftverk, tilleggsundersøkingar, høyringsinnspel og synfaring i området, er det ikkje grunn til å tru at dei planlagde terrenginngrepa i nedbørfeltet til dei aktuelle vassdraga, vil gripe inn i nærområda til aktuelle reirområde for hubro eller andre viktige funksjonsområde for arten. Det må likevel rettast eit visst søkelys på nærområdet til Tverrelva mellom Bykset og Tangagjelet med tanke på å redusere terrenginngrep så mykje som råd."

På kva grunnlag kan NVE uttale seg så klart i forhold til å lokalisere ein eventuell hubrolokalitet til området rundt vassinntaket i Ytre Gravdalsgjelet? Vi siterer igjen frå Folkestad sin rapport: "For dei omsøkte inngrepa er vurderingane at den planlagde overføringsledningen frå inntaket i Ytre Gravdalsgjelet til Tverrelva ikkje ligg nær det som kan tenkjast å vere potensielle hekkplassar.... "

Rapporten frå Folkestad inneheld dermed fleire konklusjonar som går stikk i strid med NVE sine vurderingar, utan at denne typen informasjon kjem fram i NVE si grunngjeving for avslaget.

I NVE si grunngjeving går det derimot fram at sakshandsamaren i NVE har hatt telefonisk kontakt med Alv Ottar Folkestad, der han har uttalt følgjande: "Nabogjelet Gravdalselva (Gravdalsgjelet, vår merknad) har ikke kvaliteter som gjør at man kan anse det som passende hekkeområde for hubro ". Dette er informasjon som vi som tiltakshavarar ikkje er kjende med frå før. I telefonsamtale med Alv Ottar Folkestad den 22.01.2012 fekk Arne Gravdal lov til å formidle eit atterhald frå Alv Ottar Folkestad om at han ikkje har vore på synfaring i Gravdalsgjelet. Uttalen hans om Gravdalsgjelet er berre basert på kartstudiar.

At NVE ikkje formidlar vidare ny informasjon som dei får om saka til oss som tiltakshavarar, slik at vi dermed får sjansen til å uttale oss, har vore ganske typisk under sakshandsaminga. Dersom telefonsamtalen med Folkestad hadde blitt referert for oss tidlegare, kunne vi til dømes gitt Folkestad i oppdrag og også gjennomføre ei synfaring i Gravdalsgjelet, slik at han hadde fått eit betre grunnlag til å uttale seg om Gravdalsgjelet som ein mogeleg hubrolokalitet.

Eit anna eksempel kan vere uttalen frå Norsk Ornitologisk Foreining, som NVE innhenta etter at rapporten frå Rådgivende Biologer AS låg føre. Litt tilfeldig i ei telefonsamtale med NVE sin

sakshandsamar, kom det fram at NVE sat med denne uttalen. Det hadde vore naturleg at NVE på eige initiativ vidaresende denne typen informasjon til oss som tiltakshavarar i prosjektet. Del same gjeld e-post datert 06.10.2010 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, der fylkesmannen gir tilbakemeldingar på rapporten frå Rådgivende Biologer AS. Denne e-posten har ikkje vi vore kjende med før vi les NVE si grunngjeving for avslaget. Vi reknar desse eksempla som sakshandsamingsfeil, som i seg sjølv må danne grunnlaget for ei ny vurdering av saka.

Vi kan slå fast at for oss har møtet med NVE utvikla seg til ei oppleving som vi gjerne skulle ha vore for utan. NVE baserer sitt avslag på gamle hubroobservasjonar i nabodalføret, og ikkje på dei faglege utgreiingane som er utført i samband med konsesjonssøknaden. Vi noterer oss det Fylkesmannen i Sogn og Fjordane seier i si høyringsuttale, sitat: "Dersom ei ev. utbygging er i konflikt med yngle-/leveområdet til hubroen, eller det ikkje vert funne noko reirlokaltitet men stadfesta at det er hubro i området, meiner vi at utbygginga ikkje bør finne stad ut ifrå føre-var prinsippet..." I vår sak er det lagt fram dokumentasjon på at utbygginga ikkje er i konflikt med yngle-/leveområdet til hubroen, ref. Alv Ottar Folkestad sin rapport. Det er ikkje funne nokon reirlokaltitet, og det er på ingen måtar stadfesta at det er hubro i utbyggingsområdet. Såleis opnar høyringsuttalen opp for at også Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil kunne akseptere ei gjennomføring av prosjektet. Vi tvilar dessutan på at Fylkesmannen har fått seg førelagt Alv Ottar Folkestad sin rapport i saka.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si høyringsuttale er stempla som ikkje offentleg. Grunngjevinga for dette er, sitat: "Dei siste åra har restbestandane av hubro i Noreg blitt utsett for auka press ifrå naturfotografar og andre nysgjerrige, og med tanke på denne lokaliteten si plassering ikkje langt unna Førde sentrum ber vi om at opplysningane ikkje blir formidla vidare." Som ein kuriositet kan vi nemne at NVE sitt avslag i saka har vore oppe som nyhendesak både i avisa Firda og i NRK Sogn og Fjordane. I nyhendeoppslaga vart det fokusert på at avslaget skuldast den mogelege hubrolokaliteten. Nyhendeoppslaga er ikkje noko vi som tiltakshavarar har bedt om, eller medverka til. Media har fatta interesse for saka på eige initiativ. Oppslaga i media gjer at det ikkje kan påreknast at ein eventuell hubrolokalitet i Gravdalen vil bli skjerma for naturfotografar og andre interesserte. NVE sitt avslag kan dermed i seg sjølv føre til auka ferdsel i området.

Avslutningsvis vil vi knyte ein kommentar til dette med bevisbyrda i ei slik sak. Det finst vel knapt nokon grunneigar som kan bevise at han ikkje har ein hubrolokalitet i utmarka si når slike påstandar om hubro dukkar opp. Ekstra ille blir det når det samstundes blir opplyst at ein mogeleg hubrolokalitet er veldig vanskeleg å finne, men at det er det såkalla føre-var prinsippet som må vege tyngst.

Konklusjon

Vi ankar NVE sitt vedtak i saka. Hubroropa er lokaliserte til Gravdalsgjelet, som ikkje er ein del av utbyggingsområdet. Hubrorop frå Gravdalsgjelet fleire år tilbake i tid kan ikkje brukast som ein sterk indikasjon på at det er ein hubrolokalitet i utbyggingsområdet. Med unntak av den daude hubroen som vart funnen i Gravdalsgjelet i 1999/2000, er det aldri funne spor av hubro i Gravdalen eller i omkringliggjande område. Heller ikkje i feltundersøkinga utført av Rådgivende Biologer AS i august 2010 er det funne spor av hubro i området. Jmf. rapport datert 2. september 2010. Dersom det likevel skulle vere ein hubrolokalitet i - eller nær utbyggingsområdet, ligg det også føre ein rapport frå Albicilla naturfagrådgjeving v/ Alv Ottar Folkestad, som konkluderer med at utbygginga av småkraftverket ikkje vil kome i konflikt med hubrolokaliteten. I forhold til det svake dokumentasjonsgrunnlaget som blir brukt for å sannsynleggjere hubrolokaliteten, vil bruk av det såkalla "føre var" prinsippet føre til uforholdsmessige store konsekvensar i form av tap av rein, fornybar energi for 310 husstandar i mange tiår og til tap av inntekter for tiltakshavarane, stat og kommune. Det er ikkje økonomisk forsvarleg å gjennomføre utbygginga utan overføring av vatn frå

Ytre Gravdalsgjelet. For å sikre planteartane i bekkekjøfta, er vi villige til å akseptere ei viss justering av pålagd slepp av minstevassføring, til dømes lik 5- persentilverdiane.

NVEs merknader til klagen

I klagen vises det til forhold som gjør at klageren mener at det gitte avslaget er feilaktig. Det vises til saksbehandlingsfeil og dårlig skjønnsutøvelse.

Saksbehandlingsfeil

Når det gjelder saksbehandlingsfeil så mener NVE det er vanlig forvaltningspraksis å innhente opplysninger og kommentarer på eget initiativ for å sikre at saken blir godt nok belyst, jf. forvaltningsloven § 17. Det faller inn under normale saksbehandlingsrutiner som vi som vassdragsmyndighet bruker for å kunne understøtte vår skjønnsutøvelse. NVE har bedt Norsk Ornitologisk Forening om en faglig vurdering av mulige konsekvenser for hubro, fordi vi vet at mange i interesseorganisasjonene sitter på betydelig kunnskap. At ikke all informasjon NVE har skaffet er oversendt søker for kommentar er heller ikke noe vi anser som er brudd med forvaltningsloven eller forvaltningspraksis.

Faktafeil

Punkt 5 i klagen handler om kostnaden ved utbygging med og uten overføring. Her ser vi at det er ikke er oppgitt i vedtaket hvor tallet 65 øre stammer fra. Etter NVEs beregning er spesifikk utbyggingskostnad for en utbygging med overføring og minstevannføring lik alminnelig lavvannføring 3,81 kr/kWh. Uten overføring og fortsatt med minstevannføring lik alminnelig lavvannføring blir spesifikk utbyggingskostnad etter NVEs beregning 4,46 kr/kWh. Differansen mellom 3,81 kr og 4,46 kr er 65 øre.

Skjønnsutøvelse

Når det gjelder bruken av stedsnavn så ser NVE at det har vært noe forvirring rundt bruken av stedsnavnene Gravdalsgjelet og Ytre Gravdalsgjelet. For eksempel står det i Folkestad sin rapport (s. 7) at *"Det mest aktuelle området i nedre del av gjelet må vere rundt Tangagjelet og langs vestsida av elva i Gravdalsgjelet vidare oppover."* Her har NVE på telefon fått avklart at Folkestad mente Ytre Gravdalsgjelet og ikke Gravdalsgjelet. Om den samme forvirringen gjelder for flere av uttalelsene er vanskelig å si. Vårt utgangspunkt må være at det stedsnavnet som er oppgitt er det riktige.

Hubroen kan rope hvor som helst i reviret, så hubroreiret er ikke nødvendigvis lokalisert der ropene er hørt. Vi kan derfor ikke utelukke at hubroen hekker i Ytre Gravdalsgjelet, selv om den er hørt i Gravdalsgjelet. På kartet som følger klagen er Gravdalsgjelet merket som "område med gamle hubrorop". NVE vil presisere at det i Spikkeland sin rapport av 2.9.2010 er referert til lokalkjente ornitologer som har registrert rop av voksen hubro *"i Gravdalsområdet"*. Det er ikke spesifisert om dette er Gravdalsgjelet eller ytre Gravdalsgjelet. Det er poengtert i klagen at det ikke er sett hubro siden 1999/2000. NVE mener hubrorop er like god indikasjon på artens tilstedeværelse som visuelle observasjoner, og legger vekt på at arten er hørt i området fram til 2009. Gravdalsområdet er også historisk kjent som en stabil hubrolokalitet, ifølge Norsk Ornitologisk Forening. Vi legger vekt på at flere deler av influensområdet er utpekt som mulige reirplasser av en lokal hubrospesialist, Alv Ottar Folkestad. Han har også uttalt at Gravdalsgjelet ser ut til å være mindre egnet enn Ytre Gravdalsgjelet med tanke på reirplasser. Selv om denne informasjonen viser seg kun å være basert på kartstudier velger vi å tillegge den en viss vekt, da Folkestad har betydelig kompetanse og erfaring innen fagområdet.

Funnet av en død hubro sammen med informasjon om hubrorop indikerer etter NVEs mening at Gravdalsområdet er en aktiv hubrolokalitet. Vi er enig med klager i at lokaliteten ikke med sikkerhet kan

stedfestes noe nærmere på grunnlag av denne informasjonen. NVE mener det vil være viktig å bevare eksisterende hekkelokaliteter, da det er fare for at hubro som blir skremt vekk fra hekkeplassen aldri vil hekke der igjen. De kjente og stabile hekkeplassene er vanligvis også de av høyest kvalitet. Om hubroen må finne alternative hekkeplasser vil det med stor sannsynlighet føre til lavere hekkesuksess (Undheim og Oddane, 2008). Området ved Ytre Gravdalsgjelet er relativt urørt og uten forstyrrelser i dag, en faktor som er positiv med tanke på hubrohekking. Hubrolokaliteten ved Gravdal er en av to registreringer i kommunen og i Sogn og Fjordane fylke er bestanden antatt å ligge på 10-20 hekkende par. Arten er i sterk nedgang på landsbasis. I 2009 ble det gjennomført et prosjekt i Sogn og Fjordane som skulle kartlegge mulige hubrohekkeplasser. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane opplyste i sin uttalelse den 6.10.2010 at det i prosjektet kun ble funnet én ny hekkelokalitet i fylket, til tross for omfattende søk. Ellers mener NVE temaet hubro er tilstrekkelig belyst i KI-notat 7/2011 Bakgrunn for vedtak, s. 27-28 under avsnittet om fauna.

I sin konklusjon om at tiltaket ikke vil gripe inn i nærområdene til aktuelle reirområder eller andre viktige funksjonsområder, stiller Folkestad som forutsetning at rørtraseene ikke blir tatt i bruk som nye stier eller ferdselsveier. Det er en forutsetning som NVE ikke har mulighet til å kontrollere. Derfor mener vi at forutsetningene for at tiltaket ikke vil påvirke hubro ikke med sikkerhet kan oppfylles. Slik NVE tolker høringsuttalelser og tilleggsundersøkelser er det tydelig at Gravdalsområdet er en aktiv hubrolokalitet. Nærmere stedfesting har ikke vært mulig ut fra den foreliggende informasjonen, men om man ser på terrenget i området peker Ytre Gravdalsgjelet seg ut som en svært sannsynlig hekkeplass. NVE legger vekt på føre-var-prinsippet og de sterke indikasjonene på at hubro hekker i eller nær tiltaksområdet. NVE mener fordelene i form av 6,2 GWh ny fornybar kraft, inntekter til grunneiere og kommune samt økt mulighet for opprettholdelse av bosetting, ikke veier opp de sannsynlige ulempene tiltaket vil medføre for en sterkt truet art.

Naturmangfoldloven (nml)

Kunnskapsgrunnlaget, § 8

NVE har basert sitt vedtak på den informasjonen som er lagt fram i utredninger og rapporter knyttet til søknaden, høringsuttalelser og Handlingsplan for hubro (DN-rapport 2009-1). Vi har også sjekket Naturbase og vært på befaring i området.

Vi vet at det finnes ei bekkekløft samt en forekomst av rik edellauvskog av lokal verdi i influensområdet. Det er ikke registrert truede vegetasjonstyper. Av rødlistearter finnes det styvet alm (NT) innenfor naturtypen rik edellauvskog. Naturtypen bekkekløft kan bli noe påvirket av tiltaket på grunn av redusert vannføring. Vi antar ikke at edellauvskogen vil bli påvirket nevneverdig, ettersom det ikke er planlagt fysiske inngrep innenfor lokaliteten. Det er ikke anadrom fisk i elva, ettersom avstanden fra utløpet til vandringshinder er kort. Noe bekkeørret finnes i Tverrelva. Ifølge biomangfoldrapporten utarbeidet av Spikkeland (2007/2009) antar man at fossekall og strandsnipe, mink og linerle er tilknyttet vannveiene i nedbørfeltet. Det finnes også en del andre arter fugl og pattedyr, og faunaen er vurdert som middels rik. Høringsuttalelsen fra Fylkesmannen i Sogn og Fjordane påpekte at Gravdalsområdet er kjent som en hubrolokalitet. NVE mener tiltaket vil kunne redusere kvaliteten på hekkeplasser for fossekall fordi redusert vannføring kan gi redusert skjul. For den øvrige faunaen venter vi ikke nevneverdige konsekvenser, med unntak for hubro som er omtalt foran.

Kvaliteten på informasjonen er stort sett god, men det er knyttet stor usikkerhet til lokalisering og avgrensing av hekkeområde for hubro. Det synes svært sannsynlig at den finnes og hekker i Gravdalsområdet. Hvorvidt den hekker i Gravdalsgjelet eller Ytre Gravdalsgjelet eller evt. begge steder har ikke vært mulig å fastslå.

Forvaltningsmål for arter, § 5

Generelt gjelder nml § 5 som sier at artene og deres genetiske mangfold skal ivaretas på lang sikt og at de forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Dette kan også bety ivaretagelse av artens økologiske funksjonsområder og øvrige økologiske betingelser. Målet i handlingsplanen er at hubroen skal overleve som hekkefugl i Norge på lang sikt, med en selvreproduserende bestand minst på dagens nivå. Det er også et mål å få hubroen tilbake i områder der den tidligere var vanlig. Med henvisning til diskusjonen foran og KI-notat 7/2011 mener vi tiltaket vil komme i konflikt med forvaltningsmålet for hubro.

Føre-var-prinsippet, § 9

Ettersom kunnskapen om tiltakets konsekvens for hubro er mangelfull, har NVE lagt betydelig vekt på føre-var-prinsippet. Det er fare for at en hekkeplass for hubro blir forstyrret, både i anleggsfasen og mulig også permanent på grunn av økt aktivitet i området. Vi mener det er fare for betydelig skade på naturmangfoldet. Vi vurderte det dit hen at faren for betydelig skade på hubrobestanden veide tyngre enn produksjon av 6,2 GWh årlig og inntekter til grunneiere og kommune, samt økt mulighet for opprettholdelse av bosetting.

For en fullstendig gjennomgang av saken henviser vi til KI-notat 7/2011.

Med hilsen



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi: Gravdal Kraft AS v/Arne Gravdal, Holten 11, 6800 FØRDE

Vedlegg: Kart vedlagt klagen

